

# BACHELOROPPGÅVE

“Sårbare barn” - Ein studie om kva kjenneteikn ein kan sjå hos barn i barnehagen som eit resultat av omsorgssvikt i heimen.

“Vulnerable children” - A study about what characteristics children in kindergarten has as a result of care failure at home.

**Kandidatnummer: 228**

**Vilde Susann Asheim**

Bacheloroppgåve, Barnehagelærerutdanning, heiltid: BLU3 - 1006

Fakultet for lærar, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Rettleiar: Astrid Reidun Berglid Bakken

Innleveringsdato: 07.01.2021

# Innholdsfortegnelse

<b>1.0 INNLEIING</b> .....	<b>3</b>
1.1 VAL AV TEMA OG PROBLEMSTILLING .....	3
1.2 AVGRENSING .....	4
2.0 KVA ER OMSORGSSVIKT? .....	4
2.1.1 Vanskjøtte .....	5
2.1.2 Fysiske overgrep .....	5
2.1.3 Psykiske overgrep .....	5
2.1.4 Seksuelle overgrep .....	6
2.3 BARNETS SIGNAL .....	6
2.2 HALDNINGAR OG VERDIAR .....	8
2.4 PERSONALETS KUNNSKAP OG ANSVAR .....	9
<b>3.0 METODE</b> .....	<b>10</b>
3.1 VAL AV METODE .....	10
3.3.1 Val av informant .....	10
3.3.2 Førebuing og gjennomføring av intervju .....	11
3.3.3 Transkripsjon og analyse .....	12
3.4 ETISKE RETNINGSLINJER .....	12
3.5 METODEKRITIKK, RELIABILITET OG VALIDITET .....	12
<b>4.0 PRESENTASJON AV EMPERI</b> .....	<b>13</b>
4.1 KVA LEGG BARNEHAGELÆRAR I OMGREPET OMSORGSSVIKT? .....	13
4.2 KVA SIGNAL SENDER BARN SOM BLIR UTSETT FOR OMSORGSSVIKT? .....	14
4.3 PERSONALETS KOMPETANSE AV OMGREPET OMSORGSSVIKT .....	15
<b>5.0 DRØFTING</b> .....	<b>16</b>
5.1 KVA LEGG BARNEHAGELÆRARAR I OMGREPET OMSORGSSVIKT? .....	17
5.2 KVA SIGNAL SENDER BARN SOM BLIR UTSETT FOR OMSORGSSVIKT? .....	17
5.3 PERSONALETS KOMPETANSE OM OMGREPET OMSORGSSVIKT .....	19
<b>6.0 AVSLUTNING</b> .....	<b>20</b>
<b>7.0 LITTERATURLISTE</b> .....	<b>21</b>
<b>VEDLEGG 1: INFORMASJONSSKRIV</b> .....	<b>23</b>
<b>VEDLEGG 2: INTERVJUGUIDE</b> .....	<b>24</b>

## 1.0 Innleiing

God omsorg førekjem av at foreldre eller omsorgspersonane sørgje for at barna har kle, mat, eit sted å bu og ein omsorg der barnet har det bra og føler seg trygg (Barneombudet). Dessverre ser vi at dette ikkje er tilfelle for alle barn. Statestikkar viser at i nokre heimar blir barna utsett for ulike former for omsorgssvikt, som kan ha store konsekvensar for utviklinga til barna. Ut i frå 24 nordiske studiar viser det at 0,2 – 1,2 prosent av alle barn blir utsett for seksuelle overgrep av foreldre eller føresette, og at ca. 3 – 4 prosent blir utsett for fysisk mishandling (Folkehelseinstituttet). FN sin barnekonvensjon handlar om at alle barn og unge under 18 år har retten til å få ein trygg og god oppvekst, uansett kven dei bur med eller kvar dei bur (Regjeringa, 2020).

På statistisk sentralbyrå kan vi sjå at det i dag er 92,2 % av alle barn frå alderen 1-5 år, som har plass i barnehagen (Statistisk sentralbyrå, 2020). Som tilsett i barnehagen arbeider ein dagleg med barn i barnehagen og har derfor ein sentral posisjon til å observere og sjå etter signal om barns omsorg og livssituasjon. I rammeplanen for barnehagen står det blant anna at personalet skal vere bevisst på at det kan vere barn som blir utsett for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og at dei skal kunne vite korleis dei skal oppdage og førebyggje dette (Utdanningsdirektoratet). Omsorgssvikt er eit sårt og viktig tema som for mange kan vere vanskeleg å avdekke, og derfor viktig å belyse. Som framtidig barnehagelærer kjem eg til å vere ein av dei som arbeider nært med barna og som har eit ansvar for å sjå og oppdage signala dei sender om livssituasjonen sin. På bakgrunn av dei høge tallane og barn sin rett til tryggeheit og god oppvekst, skal eg gå djupare inn i dette temaet.

### 1.1 Val av tema og problemstilling

Dei første som vekke bekymring for om barn er i ein situasjonar som er vanskeleg, i ein risiko- eller i ein omsorgssviktsituasjon, er som oftast barnehagepersonalet, som ser barna kvar dag. Det startar ofte først som ein magefølelse hos dei, og dersom dei skal kunne bidra til å hjelpe barna best mogleg, må dei kunne omgrepsfeste denne følelsen (Killén, 2017). Personalet må kunne lese signala som barna sender ut om at dei er i ein risiko- eller omsorgssviktsituasjon. Gjennom dette studieløpet har vi lært mykje om barns utvikling og fått mykje god erfaring og kunnskap gjennom praksis. Temaet omsorgssvikt er eit sårt og viktig tema, som eg sitt igjen med følelsen av at eg kanskje har manglande kunnskap om som snart ferdigutdanna. For å få meir kunnskap om kva signal og kjenneteikn ein skal sjå etter, valde eg dette som tema for bacheloroppgåva mi. Eg har gått inn i litteraturen som omhandlar omsorgssvikt og kva konsekvensar dette kan ha for utviklinga til barn. Først hadde eg lagd meg ei problemstilling som gjekk meir på korleis personalet kunne oppdage signala frå barna. Etter å ha lest teori og gjennomført samtale med rettleiar, kom eg fram til mi endelege problemstilling:

“Kva kjenneteikn har barn i barnehagen som er utsett for omsorgssvikt i heimen?”

## 1.2 Avgrensing

Gjennom dette prosjektet har eg sett nærmare på dei ulike kategoriane innanfor omsorgssvikt, kva signal barn sender, holdningar og verdiar og personalets kompetanse om temaet. Eg har valdt å ta utgangspunkt i alle barn i barnehagen og innhenta informasjon ut i frå opplevingar frå personalet uavhengig av alder på barna. Gjennom arbeidet med teorien valde eg å luke ut foreldrerolla og heller ta utgangspunkt i korleis personalet arbeider med temaet og kva kunnskap og erfaringar dei har.

## 2.0 Kva er omsorgssvikt?

Omsorgssvikt kan definerast ved at barnets foreldre eller omsorgspersonar, påfører det fysiske eller psykiske skade, eller forsømmer det på eit så alvorleg nivå at barnets fysiske og/eller psykiske helse og utvikling er i fare (Killén, 2017). Omsorgssvikt kan oppstå allereie så tideleg som frå fødselen, men kan også oppstå på seinare tidspunkt i oppveksten til barnet. Jo tidelegare og alvorleg omsorgssvikta er, desto større og meir alvorlege blir konsekvensane for barnets vidare utvikling. Svik i foreldrefunksjonen kan oppstå av ulike årsaker som eigen bakgrunn, rus, psykiske lidelsar, livsstress, umodenheit og vidare (Drugli, 2008). Ofte har familiar som er prega av alvorleg omsorgssviktar også store problem på fleire livsområdar. Foreldrefunksjon er områder der omsorgssviktande foreldre oftast vil svikte på. Dette er funksjonar som til dømes, evne til å engasjere seg i positivt samspel, vise empati til barnet, prioritere barnets mest grunnleggjande behov framfor eigne og vidare (Drugli, 2008).

Gjennom tilknytningsteorien til Bowlby (1969) kan vi lettare forstå kva omsorgssvikten gjer med barn. Denne teorien seier at barn knyter seg til sine omsorgsgivararar uansett korleis dei blir behandla, men korleis dei tilknytte seg er ulikt vis avhengig av det emosjonelle samspelet mellom omsorgsgivar og barn (Killén, 2019). Mange barn utviklar seg ein trygg tilknytning, medan ein del barn utviklar ein utrygg tilknytning. Dette har komme av foreldre som ikkje er emosjonelt tilgjengeleg og sensitive ovanfor dei behova barna har. Dei har ikkje erfart eller fått opplevinga av å føle seg trygg på at foreldra vil trøste, beskytte eller ta vare på dei (Killén, 2019). Uføreseielege omsorgsgivarar som ikkje ser eller dekkjer behova til barna sine, vil etter kvart skape ei forventning hos barna om at dei ikkje skal bli sett eller få den oppfølginga dei har rett på (Killén, 2019).

Lova om barnevernstjenestar frå 1993 legg vekt på at barn skal få den hjelpa dei har bruk for til rett tid. Hovudmålet med denne lova er at det skal vere med å bidra til at barn og unge skal få trygge oppvekstvilkår (Drugli, 2008). Dei tilsette i barnehagen og på skulen er pliktige til å varsle barnevernet dersom dei oppdagar at det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen, at det liggje føre andre formar for alvorleg omsorgssvikt eller om barnet viser vedvarande alvorleg åtferdsvanskar (Drugli, 2008). Barn som blir utsatt for omsorgssvikt viser ofte reaksjonar og

symptoma på svært ulike måtar (Drugli, 2008). I litteraturen finner vi som oftast at omsorgssvikt skjer innan for fire ulike former, som eg no skal gå nærmare innpå.

### 2.1.1 Vanskjømte

Vanskjømte blir sett på som den vanlegaste forma for omsorgssvikt, og påverkar barnets utvikling på fleire områder. Her er det foreldre som ikkje engasjerer seg positivt emosjonelt i barnet sitt, eller som ikkje er emosjonelt tilgjengeleg (Killén, 2017). Ytre teikn på alvorleg vanskjømte, både emosjonelt og fysisk, kan sjåast igjen ved at barnet er skittent, dårleg stelt og luktar vondt. Mangel på blant anna understimulering kan medføre forsinka psykomotorisk utvikling og forsinka språkutvikling. Til dømes kan eit barn på tolv månadar fungere som eit på seks månadar. Vanskjømte kan også vere mindre openbar der barna får mat og kle, men ikkje alltid tilstrekkeleg. Dei blir underernærte på det emosjonelle og blir ikkje sett (Killén, 2017).

### 2.1.2 Fysiske overgrep

Barn som blir påført skade enten ved aktiv handling eller ved manglande tilsyn, er det som definerast som fysiske overgrep (Killén, 2017). Blåmerke og brannsar er e dei vanlegaste synlege teikna på påført fysisk skade. Ser vi vekk i frå desse tydelege teikna som viser at hand eller gjenstand er brukt, kan veldig mange av desse blåmerkene også vere veldig like andre merker småbarn får gjennom bevegelse og leik. Her må ein sjå meir på plassering av skadane, alder på barnet og forklaringa barnet har på korleis desse har oppstått. Dei ytre kjenneteikna hos barn er enklare å legge merke til og sjå, medan smerta, angsten og fortvilninga som barnet opplever når den vaksne er utan kontroll og påfører fysiske skader, er noko vi ikkje alltid ser like lett (Killén, 2017). Det kan førekomme emosjonelle reaksjonar som endringar i humør, uro, angst, frykt eller aggressivitet (Bufdir, 2019). Barn som lever utan den tryggheta dei skulle hatt heime med dei som skal ta vare på og beskytte barnet mot overgrep, held ofte desse opplevingane for seg sjølv (Killén, 2017). Barnet vil etter kvart oppleve seg sjølv som eit "dårleg barn" som ikkje trur det fortener omsorg og kjærleik, og vil etter kvart forvente å bli avvist. Denne type påkjenning og oppleving er blant anna det som fører til psykiske skader som over lengre tidsperspektiv kan utvikle seg til meir alvorleg og varig karakter enn dei fysiske sår (Killén, 2017).

### 2.1.3 Psykiske overgrep

Psykisk overgrep kan vere fiendtlige eller negative haldningar eller handlingar hos foreldre/føresette der dei, utan bruk av fysisk vold, gjer barn følelse av frykt, skam, mindreverd, fortvilning eller ein grunnleggjande følelse av at dei ikkje er ønska og elska (Bufdir, 2020). Killén skriver også at ei sånn kronisk handling eller haldning kan blant anna forhindre eller øydelegge utviklinga av eit positivt sjølvbilete hos barnet (Killén, 2017). Til tider kan alle foreldre eller omsorgsgivarar vere åndsfråverande, trøytt eller irriterte, og kan i enkelte situasjonar prioritere sine egne behov framfor

barna. Men i desse tilfella blir det retta opp igjen så godt som det lar seg gjere ved neste anledning, og barnets skuffelse, forvirring eller sinne vil forsvinne utan varige skadar. Med psykiske overgrep derimot, blir nedprioritering av barnet eit vedvarande og kronisk åtferdsmønster ovanfor barnet, og blir eit dominerande trekk i barnets liv. Skadane er ikkje synlege, men såra som er innvendig kan vere meir øydeleggande enn nokon annan form for overgrep. Påført psykisk smerte og skade kan etter kvart utvikle seg og bli meir openbare for omverda (Killén, 2017).

#### 2.1.4 Seksuelle overgrep

“*Alle seksuelle handlingar mellom vaksne og barn er overgrep*” (Nordhaug, 2018). Det vil i Noreg seie at fram til du er fylt 18 år, så er du eit barn og all seksuell aktivitet mellom eit barn under 18 år og ein vaksen som er 18 år eller meir, vil vere overgrep. Definisjonen omkring seksuelle overgrep som blir mest brukt er henta frå Henry Kempe (1968) og den legger vekt på at det seksuelle barnet blir utsett for, er ei handling som barnet ikkje er moden nok til å forstå og ikkje kan gjeve sitt informerte samtykke til (Nordhaug, 2018).

Barn som blir utsett for seksuelle overgrep i familien har vaksne omsorgspersonar som er engasjerer dei i seksuelle aktivitetar som dei ikkje er emosjonelt, seksuelt eller utviklingsmessig modne for (Killén, 2017). Aktivitetane omfattar eit breitt spekter og omhandlar alt frå å sjå på pornoblader og film saman, sjå den vaksne onanere, og leike seksuelle leikar, til berøring og masturbasjon og oralt, onalt og genitalt samleie. Dette er aktivitetar barna ikkje er i stand til å forstå eller ane rekkevidde av (Killén, 2017). Den seksuelle aktiviteten blir ofte presentert ovanfor barnet som at det er noko spesielt for barnet, at det er heldig som får vere med i den. Gjennom formar av påskjøning, truslar eller begge deler, blir barnet stimulert eller pressa til å engasjere seg i overgrepssituasjonen (Killén, 2017). Overgrepa kan vere fysisk valdelege eller det kan utvikle seg frå leik til samleie. Det blir ofte utvikla eit tvangsmessig mønster hos overgriparen og desse overgrepa kan forsette fram til barnet oppnår uavhengigheit eller overgrepa blir oppdaga og stoppa. Ein del barn viser ingen tydelig reaksjon på at dei er utsatt for vold eller overgrep, medan hos andre kjem det symptoma akutt eller meir gradvis (Bufdir, 2019). Fysiske skader som kan visast i enkelte tilfelle er utviding av endetarmsopning og vagina, sprekk i endetarmsopning og fysiske skader rundt kroppsoopning og på hofter, lår og bryster (Killén, 2017).

#### 2.3 Barnets signal

Barn formidlar mykje gjennom kroppsspråk og følelsar, og dei tilsette i barnehagen må vere observante og sjå etter endringar i åtferd og det emosjonelle hos barna. Leiken er sentralt hos barn og ein god arena for å fange uttrykk og erfaringar hos dei. Her kan ein vere på vakt dersom barn plutsleg trekker seg unna leiken, opptrer triste eller at dei blir fjerne og viser lite mimikk (Johannessen, 2020).

Dei kan også uttrykke sinne ved å slå og dytte, eller opptre truande ovanfor andre barn. Barn kan og bruke leiken til å omarbeide erfaringane sine og ein kan ofte sjå at dei gjenspeglar heimen i leiken. Derfor blir dette ein god arena for personalet til å fange opp endringar og signal barna sender i leiken (Johannesen, 2020)

Barn som er i risiko- eller omsorgssviktsituasjonar opplever å vere maktelause, forvirrande og angstfylt, men overleve – det må dei. Barn som bruker mykje og store krefter på å meistre og overleve, brukar det vi kan kalle ein overlevingsstrategi. Dette kan forklarast som metoden barna brukar på å forhalde seg på for å meistre situasjonen best mogleg når det er trua. Killén skriver at i over 30 år har vi visst om at barn utviklar ein av to former for overlevingsstrategiar, når det har vore utsett for fysiske overgrep og vanskjøtte.

Den eine overlevingsstrategien blir omtalt som den overdrivne tilpassande. Her prøver barn å dekke over for seg sjølv og omverden kor dårleg dei eigentleg har det. Dei observerer haldningane og humøret til dei vaksne, og oppfører seg ut i frå dette sånn dei skal kunne unngå å utløyse den vaksne si verde eller andre skremmande reaksjonar (Killén, 2017). Dei kan ofte vise ein ferdigheit og åtferd som ligger over det som er forventa for barn på deira alder og funksjonsnivå. Dei kan vere tideleg ute med å gå, kle seg sjølv og finne seg mat (Killén, 2017). Dei oppfører seg småvaksne så tideleg som frå to – treårsalderen, noko som kan førekome av styrken i foreldras forventning, eiga oppleving av kor nødvendig det er, medfødde eigenskapar og evne til å klare å leve opp til desse forventningane (Killén, 2017). Den andre overlevingsstrategien blir omtalt som den utagerande, som viser seg ved aggressiv, destruktiv åtferd, og er lettare å leggje merke til. Dette er ein type åtferd som kan vere lettare for barnehagelærarar å kjenne igjen. Barnet er prega av uro, som igjen fører til øydelegging av andre barns eigendelar, forstyrning og uro i gruppa. Her er det lite som skal til for å utløyse aggresjonen, som til dømes at barnet tolkar eit blick i omgjevnadane feil, tillegger andre aggresjonar og så angriper for å forsvare seg sjølv (Killén, 2017).

Andre ulike signal barn sender ut når dei er i vanskelege livssituasjonar kan vere avhengigheitsproblem. Dette er sentralt hos barn som er utsett for omsorgssvikt. Dei trekker seg vekk frå dei andre barna og går heller i beina på dei vaksne og søker eit fang å sitte på. Dei tar initiativ til fysisk kontakt, har ein merksemdssøkande åtferd, prøver å eige og kontrollere andre og prøver stadig å behage og å bli godtatt av foreldre eller andre vaksne (Killén, 2017). Men det kan også vise seg gjennom ein forsvarsprega uavhengigheit, overdriven uavhengigheit og emosjonell tilbaketrekking frå foreldre og andre vaksne. Sorg, skuffelse og aggresjonen som uunngåeleg er kopla til desse følelsane, samt lengsel etter trygghet og kjærleik, trekker dei både til og frå foreldra – og til og frå andre (Killén, 2017).

Barn som blir utsett for seksuelle overgrep, viser strategiar og signaler som er spesifikke for den spesielle forma for overgrep dei blir utsett for. Dei viser tidleg seksualisert åtferd og vil kunne nærme seg andre menneske på same metode som dei har lært av overgriparen (Killén, 2017). Signaler som alvorleg søvnforstyrrelse, mareritt med seksuelt innhald, "hysterisk anfall" som skriketokter, skjelving eller besviming, kan tyde på at barnet blir utsett for seksuelle overgrep. Nokre barn vil også kunne bli overdriven opptatt av seksuell leik og bli veldig aktive iscenesettarar av dette med sine jamnaldrande, som til dømes i barnehagen. Mange vil og regrediere, altså gå tilbake, og begynne med åtferd som er normalt på eit tidlegare årstrinn, som å vete seg eller snakke babyspråk (Killén, 2017).

Barn som blir utsett for ulike former for overgrep og vanskjøtte, viser og forskjellige grader av utviklingsforsinkingar. Dette går ofte hand i hand med åtferdsforstyrring i dei fleste formene for omsorgssvikt. Omsorgssvikten kan påverke barna til å bli lettare distraherert, mangel på uthald og evne til å kunne konsentrere seg (Killén, 2017). Samlivsbrudd og skilsmisseprosess er også ein situasjon som kan vere vanskeleg for barn, fordi det kjem med endringar i kvardagen deira (Johannessen, 2020). I ein slik prosess kan det vere høgt konfliktnivå mellom foreldra, og kvardagen til barna vil då bli prega av uføreseielegheit over ein lengre periode. Det skjer ofte at foreldra avreagerer ovanfor barna med sorg, sinne og skuffelse, på grunn av krisesituasjonen dei finn seg i (Killén, 2015, i boka Johannessen, 2020). Det mest naturlege for eit barn som er i ein situasjon der det er så stor endring i kvardagen, er å reagere. Dei kan bli meir emosjonelle, triste, bli meir tilbaketrukken eller desse emosjonelle reaksjonane kan bli uttrykt med sinne og frustrasjon (Johannessen, 2020).

## 2.2 Haldningar og verdiar

Mange har positive assosiasjonar til ordet verdi. Det handlar om noko som er meningsfylt, som vi strekker oss mot eller som vi vil holde på. Desse verdiane kjem til uttrykk gjennom haldningane våre når vi til dømes må forhalde oss til andre menneske (Tholin, 2015). Når ein barnehagelærer samhandlar med foreldre, kan haldningar henna/hans tolkast på bakgrunn av handlingane i møte med andre konkrete menneske. Altså kjem haldningane våre til uttrykk i praksis, og derfor er det eit stort etisk ansvar hos barnehagelærarane, som har ansvar for verdisyn og haldningar hos personalet og i barnehagen (Tholin, 2015).

*"Holdning er viktigere enn ord"* (Killén, 2017, s.125). Å tole å sleppe inn barns signal om smerte og angst er ein føresetnad for å unngå ein tendens vi alle kan ha til å lukke augne og ikkje sjå desse problema. Vi må vere i stand til å leve oss inn i foreldra sin situasjon og oppleve deira åtferd ovanfor barna som forståeleg, deira livssituasjon og bakgrunn tatt i betraktning (Killén, 2017). Ein må vise respekt for lojaliteten barn har ovanfor sine foreldre, og barnehagen burde leggje vekt på å omtale foreldra på ein positiv måte, samtidig som ein støtter barna og forstår at dei har det tungt og vanskeleg



(Sjøvik, 2014). I rammeplanen står det også at "*Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål*" (Utdanningsdirektoratet, 2017). Vaksne kan også ha lett for å lage seg negative forventningar til barn som vekker bekymringar. Dette kan vere fordi ein i samspel med andre prøver å tolke kva andre seier og gjer, blant anna gjennom korleis dei oppfører seg. Det ein oppfattar og ser vil vere avhengig for korleis ein fangar det opp, og derfor er det ofte lettare å fange opp dei signala ein trur ein kjem til å finne (Drugli, 2008). Barn som er i vanskelige situasjonar sender ofte ut signal ein ikkje er forberedt på at dei skal gjere og oppfører seg annleis enn dei "gjennomsnittlege" barna. Ein kan vere dårleg forberedt på å tolke desse barna riktig, og det vil derfor lettare oversjå signala dei sender ut om korleis dei har det, og signala kan bli tolka feil (Drugli, 2008).

## 2.4 Personalets kunnskap og ansvar

Personalet i ein barnehage må vere observante på teikn og signal barn sender ut som kan antyde til at det ikkje har det godt. Personalet står som ansvarlege å sørge for at utsette barn får den hjelpa dei har behov for (Sjøvik, 2014). Barn som er i krisesituasjonar har ofte stort behov for vaksenkontakt og tett oppfølging av ein person dei har gode relasjonar og tillit til. Barn vil vere heilt avhengig av at dei eller ein av personalet ser at barnet ikkje får den tilstrekkelege omsorga det har rett på, og vågar å reagere (Drugli, 2008). Ein må kunne sjå at ikkje alle foreldre eller føresette klare å ivareta sine foreldrefunksjonar på ein god nok måte (Drugli, 2008).

Barna slit og strever når omsorgspersonane er uføreseieleg, utilgjengelege, truande og konfliktfylte. For at personalet skal kunne oppdage korleis desse barna opplever sin livssituasjon, så er det behov for kunnskap om risikofaktorar, omsorgssvikt og traumar, og korleis det er med på å påverke hjernen (Killén, 2017). Dei må vere forberedte på at hendingar som er kritiske for barn, foreldre og/eller medarbeidarar, kan oppstå.

Barn som er utsett i heimen kan ha behov for å snakke aleine med ein vaksen som dei har tillit til. I ein slik situasjon er det viktig å sette av tid til det barnet som har det vanskeleg. Ofte kan bildebøker og annan bildelitteratur som skildrar barn i ulike livssituasjonar, vere nyttig hjelpemiddel for samtale med barn (Sjøvik, 2014). I samtale med barn er det også viktig at ein trur på det barnet fortel, bekrefte det barnet seier det har opplevd for å vise at ein tar det på alvor og forsikre barnet om at det ikkje har skyld i dei vaksne sine problem. Det er også viktig å få fram at du ikkje kan love å ikkje sei det vidare, men at ein kan seie ein heller kan vente med å seie det til foreldra, for å gjeve barnet moglegheit til å få snakke ut og omarbeide opplevingane sine. Ein kan heller ikkje love at det ikkje skal meldast til barnevernet (Sjøvik, 2014). Drugli skriver at mange barn kan ha meistrings- og overlevelsesstrategiar som gjer det vanskelegare å oppdage at barnet blir usett for omsorgssvikt. Dette er ein stor grunn til at ikkje alle signal blir fanga og mistolka. Derfor har dei tilsette eit ansvar om å bli godt kjend med

barna, fordi det vil kunne gjere ein i betre stand til å kunne avdekke ein eventuell situasjon (Drugli, 2008).

## 3.0 Metode

I følgje Olav Dalland blir metode brukt som eit reiskap i møte med noko ein vil undersøkje, og vil vere til hjelp i innsamlinga av den informasjonen vi trenger til undersøkinga vår (Dalland, 2017). Det er to ulike typar metode: den kvalitative metoden som har fokus på å fange informantens meining og oppleving, og den kvantitative metoden som har fokus på dei målbare einingane (Dalland, 2017).

### 3.1 Val av metode

I val av metode kom eg fram til at den kvalitative metoden ville vere den beste for oppgåva mi. Dette fordi gjennom den kvalitative metoden går ein i djupna og fangar opp meiningar og opplevingar som ikkje lar seg talfeste eller måle (Dalland, 2017). Eg ville komme fram til enkeltpersonen sine synspunkt og tankar rundt kva omsorgssvikt er og korleis ein kan sjå desse signala hos barn. Ved eit kvalitativt intervju vil oppgåva skape eit større fokus til temaet og som tar sikte på å få fram samanheng og heilheit (Dalland, 2017). Fordelen med kvalitativt kontra kvantitativ metode er at eit kvalitativt intervju får informanten får formulere svara sine sjølv. Denne metoden er meir open og det er lettare å finne kjernepunktet i det emne ein vil studere (Løkken & Søbstad, 2013).

#### 3.3.1 Val av informant

Den som blir intervjuet blir ofte kalla for ein informant, og med ordet informant meinast ein person med kunnskap som gjev informasjon (Dalland, 2017). Ved val av informantar bør det ikkje vere eit tilfeldig, men strategisk val. I eit strategisk val, så vel ein informatar som ein meiner har bestemt kunnskap eller erfaring du ønsker å vite meir om (Dalland, 2017). Når eg skulle finne informantar, skreiv eg eit informasjonsskriv som eg sendte på e-post til styrarar i fleire forskjellige barnehagar. Der stod det kort om kva tema eg skulle skrive om, og informasjon om korleis intervjuet ville gå for seg og kva som ville skje med den innhenta informasjonen etterpå (Sjå vedlegg 1). Meir spesifikt stod det at eg ønskte å intervjuet ein barnehagelærer med kunnskap eller erfaring rundt tema. I tillegg skreiv eg at styrarar skulle ta kontakt med meg om det var nokon i barnehagen som utfylte mine krav og var villig til å la seg intervjuet.

Problemstillinga mi rettar seg mot personalet i barnehagen og kva kunnskap og erfaringar dei har med barns signal. Derfor blei det naturleg for meg å ta utgangspunkt i barnehagelærarar som hadde kunnskap og erfaring innanfor temaet omsorgssvikt. Ved å ta utgangspunkt i barnehagelærarar kunne eg også samanlikne deira tankar rundt kunnskapen dei fekk gjennom barnehagelærerutdanninga.

Nedanfor her presenterast informantane i ein tabell som viser antal års erfaringar dei har i barnehagen, ettersom det er med å styrke validiteten i oppgåva.

	Erfaring
Informant A	17 års erfaring i barnehage, og jobba i 5 ulike barnehagar.
Informant B	26 års erfaring i barnehage, og jobba i 2 ulike barnehagar.
Informant C	24 års erfaring i barnehage, og jobba i 3 ulike barnehagar.

### 3.3.2 Førebuing og gjennomføring av intervju

Dalland skriver at for at eit intervju skal vere vellykka, så er det avhengig av at du har forberedt deg godt (Dalland, 2017). I forkant av intervjuet hadde eg ein pilotstudie for at eg skulle kunne reflektere og forme dei spørsmåla som ville gje meg svar på mi problemstilling. Pilotstudien aukar også relabiliteten i undersøkinga, då det er med å finne spørsmål som er gode og relevante til intervjuet. Eg valde å gjennomføre pilotstudie i lag med ein medstudent, sidan vi hadde jobba tett med å formulere problemstillingane våre og begge hadde stor interesse for kvarandre sitt tema. Vi sende spørsmåla til kvarandre på førehand, sånn vi kunne forberede oss og lese litt om tema.

Gjennom pilotstudien viste det seg at nokre av spørsmåla var for lite utdjupande og nokre overlappa kvarandre. Her valde eg å forandre på nokon av desse spørsmåla og formulerte dei som overlappa kvarandre til eit spørsmål. Eg gjekk også gjennom spørsmåla med retteleiar før eg gjekk ut og intervjuet. Spørsmåla vart etter mykje reflektering og litt endring, meir opne og utfyllande.

På grunn av covid-19 blei intervjuet gjennomført på avgrensa rom der det var moglegheit for å halde ein meter avstand til kvarandre. Eg brukte taleopptakar i gjennomføring av intervjuet for at eg skulle kunne ha frie hender til å kunne skrive kommentarar. Når ein skal skrive ned alt som blir sagt undervegs, kan ein fort miste oversikta og det blir vanskelegare å tolke undervegs (Dalland, 2017). Informanten hadde på førehand fått tilsendt eit informasjonsskriv der eg informerte om at eg skulle bruke taleopptakar undervegs og at det ville bli transkribert og sletta etterpå (sjå vedlegg 1). Etter planen hadde eg eigentleg tenkt å intervjuet 4 ulike barnehagelærarar, men på grunn av covid-19, så fekk eg berre gjennomført 3, ettersom mange barnehagar var ramma av tilsette i karantene og dermed lite tid for intervjuet.

### 3.3.3 Transkripsjon og analyse

Transkripsjon er ein vanleg metode når ein arbeider med intervju, og går ut på å skrive ned ord for ord av det som er blitt sagt (Dalland, 2017). Eg tok taleopptak av alle intervju og det var tidskrevjande å transkribere intervju i ettertid. Men med taleopptaket fekk eg god moglegheit til å gjennoppleve intervju og eg følte eg fekk betre fokus under sjølv intervju når eg hadde moglegheit til å gje heile fokuset mitt til informantane og ikkje skrive ned svara etter kvart. Undervegs når eg transkriberte blei eg oppmerksam på moment eg ville dra nytte av i oppgåva, og merka dette undervegs sånn det blei enklare for meg når eg skulle bruke det vidare.

Analysen skal vere til hjelp for å komme fram til kva intervjuet har å fortelje og her er det viktig at ein får fram innhaldet i intervjuet på mest mogleg sakleg måte (Dalland, 2017). Gjennom analysinga delte eg svara inn i tre hovudgrupper, som gjorde det enklare å sette dei opp mot kvarandre seinare i oppgåva. Under analysearbeidet valde eg å veksle mellom svara til informantane for å sjå på samanhengar og ulikheiter i svara. Dalland skriver at ved å dele opp i mindre deler i analyse av eit intervju, vil det hjelpe oss til å få tak i enkelte sider av det informanten har sagt (Dalland, 2017). Derfor såg eg både på heilheita i intervjuet, og på mindre delar av intervjuet.

### 3.4 Etiske retningslinjer

Etiske evalueringar og ryddig bruk av personopplysningar er ein føresetnad for forskning og studentoppgåver. Det er også ei føresetnad for å ivareta eit godt forhold og samarbeid med dei menneska som stiller opp for å dele sin kunnskap og erfaringar (Dalland, 2017). Anonymitet er for mange ein føresetnad for å delta i undersøkelar og i denne intervjuprosessen må ein då gje ein typebeskriving som handlar om å formidle det informanten har sagt utan å avsløre identiteten til informanten (Dalland, 2017). Her var det viktig at eg presiserte i informasjonsskrivet at det var anonymt og at taleopptaket ville bli transkribert og sletta etterpå. Etter intervjuet betrygga eg dei på nytt ved å seie at alt er anonymt, taleopptaket blir sletta etter transkribering og ingenting vil kunne bli kjent igjen.

### 3.5 Metodekritikk, reliabilitet og validitet

Under gjennomføring av intervju stilte eg spørsmål til informanten samtidig som eg inkluderte oppfølgingsspørsmål for å utdjupe eller avklare dersom dette var nødvendig. Lydopptakar er eit godt verktøy for å innhente informasjon, men opptakaren får ikkje plukka opp kroppsspråket. Den får ikkje tak i om nokon sitt med tårar i augekroken eller eit smil om munnen ved ei forteljing (Dalland, 2017).

Når ein skal vurdere kvaliteten til eit mål er det eigenskapar som reliabilitet og validitet som blir brukt (Ringdal, 2018). Reliabilitet, også kalla pålitelegheit, handlar om målingane ein tar gjev same resultat. Validitet betyr at ein måler det ein vil måle (Ringdal, 2018).

Dalland skriv at sjølv om data ein innhentar i utgangspunktet er relevante, så må dei også vere samla på ein måte som gjer dei pålitelege. Altså må dei ulike delane i prosessen vere frie for unøyaktigheit (Dalland, 2017). I eit intervju vil det ligge moglege feilkjelder i sjølve kommunikasjonsprosessen. Under intervjuet kan informanten ha misforstått spørsmålet, under transkribering kan taleopptaket ha for dårleg lyd til at ein kan få med seg alt, og under reinskriving kan meiningsinnhaldet endrast (Dalland, 2017). Derfor testa eg ut taleopptakaren med ein medstudent for å sjekke kvaliteten før eg reiste ut i barnehagane for å intervju. Kvaliteten på lyden var god og det gjorde det enkelt for meg å transkribere innsamla data. På bakgrunn av dette og at eg fekk den informasjonen eg trengde, gjev dette god validitet.

Det er også viktig å presisere at resultatata som blir presentert ikkje gjeld for alle barn, barnehagar og personell i Norge, då eg har for få informantar til å konkludere dette. Bacheloren vil derfor ikkje vise eit tilstrekkeleg bilete av korleis dette ser ut i verkelegheita. Det denne metoden gjev svar på er den enkeltes oppfatning, kunnskap og erfaring om kva signal barn sender dersom dei er utsatt for omsorgssvikt.

## 4.0 Presentasjon av emperi

Etter å ha transkribert og analysert intervju, går eg no vidare på å presentere dei viktigaste funna frå intervju sett i samanheng med problemstillinga mi. Alle informantane fekk dei same spørsmåla, noko som gjorde til at eg kunne samanlikne svara deira. Informasjonen som blei innhenta frå informantane har eg delt i tre kategoriar som belyser det som er relevant og viktig for problemstillinga mi. Desse kategoriane er: 1) kva legg barnehagelærar i omgrepet omsorgssvikt? 2) Kva signal sender barn som blir utsett for omsorgssvikt? 3) Personalets kompetanse om omsorgssvikt. Eg har valdt å kalle informantane mine for A, B og C for å sikre deira anonymitet.

### 4.1 Kva legg barnehagelærar i omgrepet omsorgssvikt?

Problemstillinga mi var "kva kjenneteikn har barn i barnehagen som er utsett for omsorgssvikt i heimen?" Ut i frå denne problemstillinga var det relevant for meg å begynne å spørje kva dei ulike barnehagelærarane la i omgrepet omsorgssvikt. Informant A assosierer omgrepet med at omsorgssvikt førekjem når omsorgsgivaren ikkje klare å gje barn den tilstrekkelege omsorga dei skal ha.

Informanten trekkjer fram at omsorgssvikt enten førekjem av de fysiske eller psykiske tinga, om foreldra eller dei føresette gjer det med vilje, eller om dei ikkje har evne til å gjere det betre. Informant

B går meir spesifikt inn på kva ho meiner kan vere omsorgssvikt, til dømes omsorgspersonar som brukar vold eller rusar seg, eller omsorgspersonar som ikkje klarar å følgje opp barn ved at dei kjem til barnehagen skitne og ustelte. Ho tenkjer at det kan vere vanskeleg å definere når det er omsorgssvikt. Er det til dømes omsorgssvikt dersom barnet har for dårlege kle, foreldre gløymer matpakke fleire dagar eller dersom barnet kjem til barnehagen med full bleie? Ho presiserer at det kan vere mange forskjellige grader av omsorgssvikt og at kanskje er det helst noko som går over tid, der barnet eller barna ikkje får tilfredstilt behova sine over lengre periodar.

Informant C nemner at omsorgssvikt er fysiske eller psykiske måtar å svike barnet på. Informanten meiner at det fysiske kanskje er litt enklare å oppdage enn det psykiske, og assosierer derfor omgrepet litt meir med at barn ikkje får det som dei har rett på. Ho trekkjer inn lova om barns rettigheter og at alle barn har rett på ein trygg og god oppvekst og ei god utvikling.

På spørsmål om det er noko barn har sagt som har uroa dei, fortel informant B at det har vore barn som seier at mamma og pappa skriker til kvarandre eller er sinte på kvarandre. Det har også vore barn som seier skål eller at favorittdrikka til pappa er øl. Her seier informant B at ein må sjå på slike signal over tid om dette kan vere noko barnet seier der og då, eller om det er noko som blir gjenteke over lengre periodar. Ofte kan barn seie at mamma og pappa slår, og informant C hadde eit tilfelle der dette skjedde der ho tok dette opp med foreldra. Informanten fekk forklaring frå foreldra og seier ho opplevde at det var ei logisk forklaring og ho kunne ikkje sjå noko samanheng med andre ting. Informant A hadde eitt tilfelle med eit barn som snakka om ein type drikke som barnet skulle blande i vatnet sitt, noko som barnet ikkje var gammal nok til å skulle kunne kjenne til. I denne saka blei det kopla inn styrar, heldt samtale med foreldra og saka blei meldt vidare. Elles fortalte informant A at ho ikkje kom på andre ting, men at det på eit vis også er litt skummelt, sidan det godt kan ha blitt sagt ting ein faktisk burde ha plukka opp.

#### 4.2 Kva signal sender barn som blir utsett for omsorgssvikt?

På spørsmål om kva kjenneteikn informantane kjenner til, fortel informant A og C at det er dei fysiske merka som blåmerke på områder på kroppen der det ikkje er naturleg at barn slår seg og ting på bleieområdet som ikkje skal vere der, som ein lettast oppdagar. Informant C fortel også at det er viktig å vere bevisst på merker som dei ikkje har fått med eit naturleg fall eller dunk, men som verkar som ein annan type. Her må ein alltid snakke med nokon andre, for ein kan ikkje konkludere aleine med at dette er noko. Informant B trekker fram at ting som er meir "diffuse" kan vere vanskeleg både å tolke og å ta opp med foreldra. Det er teikn som at barna ofte er skitne og har dårlege kle. Ho fortel og at ho opplevde ein gang å ha eit barn i barnehagen som var veldig lei seg fordi mora var trist. Ho trekkjer fram at det kan vere vanskeleg for barn å opne seg opp i ein slik situasjon og fortelje om kvifor

mamma eller pappa er triste. Ho kan ikkje sei at det er direkte omsorgssvikt, men at det kjem tydeleg fram at barnet blei påverka av at mora gjekk heime og var trist.

Når det gjeld psykiske skadar, som informantane synes kan vere vanskelegare å avdekke, fortel informant C at ein må vere bevisst på plutselig åtferdsending. Informant B fortel at dersom eit barn endrar åtferd over tid og blir sky, grublar meir og blir lei seg, så dukkar det ein klump opp i magen. Ei anna endring informant B nemner som kan tyde på at noko er gale, er dersom barnet plutselig begynn å tisse på seg som vil vere tilfelle av barn som har slutta med bleie. Informant C fortel at åtferdsending ein bør vere bevisst på, som kan komme grunna psykisk omsorgssvikt, er om barnet begynner å utagere mykje eller blir apatisk. Dersom ein ser meir langsiktig og på barns utvikling, så kan dårlegare språkutvikling også vere eit teikn, men her presiserer informant C at andre ting kan ligge til grunn. Det å klare å sjå fleire teikn kan vere lurt, seier ho. Dårlig språkutvikling kan vere eit teikn på omsorgssvikt, men det kan og vanskar med å ta til seg læring vere. Desse barna klarar ikkje å lære fordi dei ikkje er til stades, dei har kopla ut og klarar ikkje å konsentrere seg. Dei "soner" ut ved at dei ikkje ler eller leikar, ein ser at dei ikkje er utagerande, men grin heller ikkje. Dei blir rett og slett heilt kjenslelaus. Dette er ting som informant C ser på som kan vere psykiske kjenneteikn til omsorgssvikt.

Ho fortel at på ei avdeling ho jobba på tidelegare så var det eit barn som sendte ganske tydelege signal om at noko var gale. Dette var ei på ei stor avdeling der det var eit barn som var veldig sein i utviklinga, og ein kunne tydeleg sjå at barnet ikkje hadde god leikekompetanse i forhold til dei jamnaldrande barna. Dette var så tydelege signal at saka blei tatt vidare til barnevernet.

#### 4.3 Personalets kompetanse av omgrepet omsorgssvikt

På spørsmål om omsorgssvikt blir drøfta i barnehagen gjennom avdeling/personalmøte, svarte alle informantane ja. Informant C fortel at det blir ofte snakka om barn som kan opptre litt vanskeleg. Både åtferd, grensesetjing, den sosiale leiken og eventuelt kva som kan vere grunn til at eit barn opptre vanskeleg blir snakka om. Då er det naturleg at vi trekkjer inn om det kan vere noko heime og då er det viktig at vi er så opne og ærlege for foreldra som mogleg. På den måten kan dei vere med å hjelpe barnet til at det kan bli betre. Informant C presiserer også at ting dei diskuterer er naturlege ting som skjer, men at det er viktig at det blir snakka om dersom ein er usikker, fordi det kan også vere begynnande ting som er viktig å leggje merke til. Informant B meiner at det er viktig å tørre å seie "no er eg litt bekymra for dette barnet. Kvifor har dette barnet endra åtferd? Har nokon sett dei same tinga?" Dette skaper ein open dialog og ein kan eventuelt samle meir informasjon rundt dette barnet og sjå om dette er noko som kan bli vedvarande. Informant C leggjar til at ho alltid har lagt vekt på at vi skal vere stabile vaksne som er til stades. Det er viktig å ha eit stabilt personale som arbeidar med at

det skal vere mindre sjukdom og fråvær, for at ein skal ha betre utgangspunkt til å kunne bli kjend med barna, skape trygghet og godt foreldresamarbeid.

Informant A fortel at omsorgssvikt er eit tema som er oppe med jamne mellomrom og at dei no med covid-19 har gjennomførte eit kurs frå RVTS (Ressursenter for vold og traumatisk og seksuelle overgrep). Ho fortel også at ein blir ofte meir på vakt når ein nettopp har diskutert eller hatt kurs om nettopp dette tema. Dersom det ikkje har vore oppe på ei stund, fell det nok litt bak og ein blir mindre på vakt. Då er det ofte fort at ein kan oversjå signala som barna vil gje oss om at dei ikkje har det godt. Ein vil alltid trenge å bli oppdatert gjennom kurs og samtalar med personalet, fordi det ein seier høgt, det huskar ein betre og tenkjer meir over. Informant C fortel at barnevernet er inne på bakgrunn av at dei har møter der dei snakkar om tverrfaglig samarbeid der dei kan spørje om ting, få opplæring eller gjennomføre kurs ved behov. Ho fortel at ein auka kunnskap kan gjere det lettare å vite kva ein skal sjå etter hos barna og at det er viktig å ha nok ressursar og vaksne i barnehagen som klarar å sjå barna. Informant C trekkjer fram at det er viktig å bli godt nok kjend med barna og vise at dei blir sett. Også det å klare å sjå dei stille barna og korleis dei faktisk har det, slik at dei ikkje blir gløymt i bakgrunnen. Informant A trekker fram at barnehagelærarar må vere trygge og at dei alltid skal tenke på barnas beste. I tillegg skal dei ikkje tenke at dei "fornærmar" foreldra, dersom det faktisk kan vere fare for barnets trygghet og helse.

I spørsmålet om dei føler dei har fått nok kunnskap gjennom utdanninga si, svarer Informant A at ho trur dei færreste barnehagelærarar føler dei har fått nok kunnskap. Dette meina ho er spesielt fordi det er så inngripande i eit liv og ein er redd for å gjere feil. Ho legg til at ho ikkje trur ein kan få noko kompetanse på å føle seg trygg, men at det er viktig å ha kunnskap om kva du skal sjå etter. Som nyutdanna er ein nok meir usikker, enn dersom ein har opparbeida seg erfaring innanfor temaet.

Informant C føler heller ikkje at ho fekk nok kunnskap og seier både erfaring og kunnskap er med på å skape trygghet. Ho leggjar til at det er ein del år sia ho tok utdanninga, men føler at dette er eit tema det kunne vore meir av i utdanninga. Det er ein viktig trygghet å ha med seg i kvardagen, spesielt det at ein ikkje skal synse, men ha eit godt system. Fagleg kunnskap er veldig viktig, legg ho til. Derfor tykkjer ho det er godt og viktig at ein kan spele på personale når ein er usikker.

## 5.0 Drøfting

I dette kapitlet skal eg drøfte teori og funna frå intervjuja gjennom problemstillinga: "kva kjenneteikn har barn i barnehagen som blir utsett for omsorgssvikt i heimen?".



## 5.1 Kva legg barnehagelærarar i omgrepet omsorgssvikt?

Gjennom dei tre intervjuane kom det fram at informantane hadde ganske så lik oppfatning av omgrepet omsorgssvikt. Informant A og C sin definisjon på omsorgssvikt kan sjåast i likheit med Kari Killén sin definisjon der omsorgssvikt er når foreldre eller omsorgspersonar påfører fysiske eller psykiske skadar, eller forsømmer barnet på eit alvorlig nivå som går utover helse og utvikling (Killén, 2017). Det fysiske kjem gjennom at barn blir påført skade ved aktiv handling eller manglande tilsyn. Det psykiske ligger meir i fiendtlege eller negative holdningar og handlingar der barn får følelsen av blant anna frykt og skam (Killén, 2017).

Informant B går meir spesifikt inn på kva ho ser på som omsorgssvikt. Handlingar som til dømes der foreldre brukar vold mot barnet, er rusa eller i den form at barnet ikkje blir stelt, kjem skitten til barnehagen og omsorgsgivarane ikkje klare å følgje opp barnet. Innanfor omgrepet omsorgssvikt er det fire ulike kategoriar der blant anna vanskjømte er ein av dei. Ho fortel at i tilfelle der barn kjem til barnehagen med full bleie, ustelt eller utan matpakke, kan det vere vanskeleg å konkludere det som omsorgssvikt, men ho meiner at ein må sjå på heilheita over lengre periodar. Vanskjømte blir rekna som den vanlegaste forma for omsorgssvikt og er med på å påverke barnets utvikling (Killén, 2017). Desse kjenneteikna som informant B nemner er nokon av dei ytre teikna som kan tyde på alvorleg vanskjømte. Ein slik mangel på understimulering kan føre til at eit barn på tolv månadar vil fungere som eit på seks månadar, på grunn av forsinka psykomotorisk utvikling. Vanskjømte kan variere i grad og det er, som informant B seier, ein prosess som vare over tid og ikkje ein enkelthending (Johannesen, 2020).

Utifrå svarene informant A og C gjer om omgrepet omsorgssvikt, verkar det som at dei har ein litt meir generell oppfatning av kva dei definerer det som. Dersom vi ser på svarene som informant B gjer, så har ho kanskje eit meir spesifikt syn på omgrepet og går meir i djupna på det fysiske og psykiske med omsorgssvikt.

## 5.2 Kva signal sender barn som blir utsett for omsorgssvikt?

På spørsmål om kva kjenneteikn ein kjenner til med omsorgssvikt, ser vi ein tydeleg samanheng mellom det informantane har kunnskap om og har opplevd, og teorien eg har brukt i denne bacheloroppgåva.

Som nemnt i kapittel 4.2 fortel informant B om eit barn som blei veldig påverka og tankefull av at mora gjekk heime og var lei seg. Det kjem tydeleg fram at barn blir påverka av det som skjer heime og

kanskje ikkje alltid klare å vere opne og snakke om det. Som Charlotte Johannessen skriver, kan til dømes samlivsbrudd og skillsmisse prege kvardagen til barn og vere vanskelig å takle. Konflikhtar mellom foreldra blir ofte tatt ut på barna med sorg og sinne, fordi det er ein krisesituasjon for foreldra også. Når barn opplever ein så stor endring i kvardagen er det naturleg at dei kan reagere både med å bli triste og tilbaketrukkene, eller at dei utagerer i sinne og frustrasjon (Joahnnesen, 2020). Kva som låg til bakgrunn for at mor til dette barnet var lei seg kan eg ikkje uttale meg om. Ein kan derimot sjå tydeleg ut i frå teori at barnet blei emosjonelt påverka av det som skjedde heime og sendte signal ved blant anna å bli trist sjølv. Også i samtale med dette barnet var det vanskeleg å få informasjon om kvifor mor var lei seg. Når ein er i ein samtale med barn om ting som kan vere vanskeleg å snakke om, er det viktig ein trur på det dei fortel, bekrefte at ein tar dei på alvor og forsikre dei om at det ikkje er deira skuld at til dømes mamma er lei seg (Sjøvik, 2014).

Eit sentralt kjenneteikn hos barn som blir utsett for ulike former for omsorgssvikt, kan vere at dei ligger lengre bak i utviklinga enn andre barn. Eit barn på tolv månadar kan prestere å fungere som eit barn på seks månadar (Killén, 2017). Informant C fortel om ein situasjon for mange år tilbake der ho kom opp i ein liknande situasjon. Ho jobba på ei storbarnsavdeling der det kom tydeleg fram at det eine barnet på avdelinga låg godt bak i utviklinga. Gjennom leik kan ein observere og fange uttrykk og erfaringar hos barna (Johannessen, 2020). Ved å utnytte leikearenaen og observere dette barnet, kunne dei sjå at barnet hadde relativt dårleg leikekompetanse. Dette var signal som blei observert av fleire og blei tatt vidare.

Informant C legg vekt på at dei psykiske skadane kan vere vanskeleg å avdekke, men at ein må vere bevisst på plutselig åtferdsendring. Gjennom utføring av psykiske overgrep er foreldra eller omsorgsgivarane åndsfråverande, irriterte og prioriterer ofte sine eigne behov framfor barnets behov. Dette blir ein vedvarande og kronisk åtferdsmønster ovanfor barnet som skader barnet utan at det treng å vere synleg, men innvendig kan det vere meir øydeleggande enn noko anna form for overgrep (Killén, 2017). Som nemnt tidelegare skriver Killén at ved psykiske overgrep kan barn reagere ved å bli triste og tilbaketrekte. Informant C nemner at det psykiske kan føre til at barna utviklar ein åtferd som gjer at dei utagerer mykje eller blir apatiske. Barnet blir prega av uro som kan resultere i aggressiv åtferd, øydelegging av andre barns leik, og det kan skape forstyrningar i barnegruppa (Killén, 2017). Informant C presiserer at det også kan utvikle seg ei dårlegare språkutvikling, men at det kan vere andre grunnar til dette. Ho nemner at det å klare å innta læring kan vere ein ting ein må vere bevisst på. Barna klare ikkje å ta til seg læring fordi dei ikkje er til stede, har mangel på konsentrasjon, eller at dei sonar ut under leiken og viser mindre følelsar.

Informant C tenkjer at dette kan vere kjenneteikn på psykisk omsorgssvikt. Det vil og vere sentralt å sjå etter fleire teikn, seier ho. Kari Killén skriver at dei forskjellige gradene av utviklingsforsinkelsar

ved former som overgrep og vanskjøtte, ofte går i hand med åtferdsforstyrningar. Barna som blir utsett for dette viser å bli lettare distraherert, og har som informant C nemner, mangel på evne til å kunne konsentrere seg (Killén, 2017). Nokon barn uttrykke reaksjonane ved å bli meir emosjonelle, triste og tilbaketrukne, og andre uttrykke dei emosjonelle reaksjonane ved sinne og frustrasjon (Johannessen, 2020).

### 5.3 Personalets kompetanse om omgrepet omsorgssvikt

Som tilsett i barnehage er det viktig at ein er observant for å kunne sjå etter teikn som kan signalisere at barn ikkje har det godt. Ein har også eit ansvar for å sørge for at dei barna som blir utsett for omsorgssvikt, får den hjelpa dei har behov for (Sjøvik, 2014). Gjennom spørsmål om omsorgssvikt blir drøfta i barnehagen, kom det fram frå alle at dette er tilfelle. Informant C la fram at dei ofte blir diskutert om blant anna barn som kan opptre vanskeleg og kva som kan ligge til grunn bak dette. Vidare fortel ho at det blir naturleg at dei trekk inn om det er heimesituasjonen som kan vere grunn til dette, men at det også då er viktig å vere ærlege og opne med foreldra slik at dei kan vere med å gjere det betre for barnet. Rammeplanen understreker blant anna at ein alltid skal ha barnets beste som mål gjennom samarbeid med heimen og barnehagen (Utdanningsdirektoratet, 2017). Personalet burde omtale foreldra til barna på ein positiv måte uansett situasjon, men samtidig støtte barna og forstå at dei kan ha det tungt og vanskeleg (Sjøvik, 2014). Ofte er ein ikkje forberedt på signala barna sender, og det vil derfor vere lettare å tolke feil eller oversjå desse signala (Drugli, 2008). Det er viktig at ein tør å sei i frå og bruke personalet dersom ein er bekymra for eit barn, og da samanlikne observasjonar, legger informant B til. Informant C seier fagleg kunnskap er grunnleggjande, og at å spele på personalet når ein er usikker, er både godt og viktig.

Ved bakgrunn for tema blei det naturleg å trekke inn eit spørsmål om informantane føler at dei har fått nok kunnskap gjennom utdanninga. Informant A og C svarar at dei ikkje har det. Informant A trur få tilsette føler dei har fått nok kunnskap. Ho presiserer at man er redd for å gjere feil og at ho ikkje trur ein kan få kunnskap om å føle seg tryggare gjennom utdanninga. Informant C presiserer at ho meiner auka kunnskap kan gjere det enklare å vete kva ein skal sjå etter hos barna. Nokre barn kan utvikle ein utagerande åtferd og vaksne kan ha lett for å lage negative forventingar rundt desse barna (Drugli, 2008). Personalet har behov for kunnskap om risikofaktorar, omsorgssvikt og traumar for at dei skal kunne leggje merke til barn som slit og strever (Killén, 2017). Det er viktig at dei har kunnskap om korleis uforutsigbare, utilgjengelege og truande omsorgspersonar kan vere med på å påverke hjernen til barn i slike livssituasjonar (Killén, 2017). Dersom temaet ikkje har vore snakka om på ei stund, kan det fort skje at ein ikkje legg merke til signala barna sender, fortel informant A. Ho meiner kurs og diskusjonar er med på at ein blir meir på vakt og observant, fordi det ein seier høgt oftast blir huska betre og tenkt meir gjennom. Informant C nemner at barnevernet inkluderast dersom det oppstår saker,

men at dei også er til stede i sammenheng med tverrfagleg samarbeid eller møter der dei tilsette kan spørje om ting, få nødvendig opplæring eller kurs ved behov.

## 6.0 Avslutning

Formålet med denne bacheloroppgåva har vært å undersøke korleis barnehagelærarar definerte omsorgssvikt, kva signal og kjenneteikn dei kjenner til og kompetansen deira med temaet.

Problemstillinga mi blei formulert til: "kva kjenneteikn har barn i barnehagen som blir utsatt for omsorgssvikt i heimen". For å få svar på denne problemstillinga har eg trekt inn aktuell teori, tidlegare forskning og gjennomført eit kvalitativt intervju med tre forskjellige barnehagelærarar. Gjennom intervjuet fekk eg innblikk i deira syn på omsorgssvikt, deira kunnskap med kjenneteikna og erfaringane dei har gjort seg gjennom åra. På grunnlag av at det er brukt få informantar er det viktig å presiserer at desse resultata ikkje gjeld for alle barn, barnehagar og personell i Norge. Bakgrunnen for valet mitt var å få meir kunnskap om kva signal og kjenneteikn ein skal sjå etter hos barn, og belyse den enkeltes opplevingar og tankar rundt problemstillinga.

Gjennom intervjuet kom det fram at alle viste å ha grei kunnskap om kjenneteikna til omsorgssvikt, men ut i frå det informantane fortalte, følte dei at dei kunne vore rikare på kunnskap. Dei fysiske kjenneteikna til omsorgssvikt er ofte dei som er enklast å legge merke til, medan det psykiske kan vere enklare å unngå ettersom det ikkje er like synleg. Informantane belyste at dei synast dei skulle blitt rikare på kunnskap både gjennom utdanning og gjennom kurs, og at dei blei meir oppmerksame etter at temaet har vore drøfta. Det er viktig at personalet har kunnskap om kva dei skal sjå etter innfor omsorgssvikt og ha kunnskap om risikofaktorar, slik at dei skal sjå kva livssituasjon barna lever i.

Gjennom denne prosessen har eg fått meir kunnskap om dei ulike formene for omsorgssvikt, signal barn sender og kva ein skal sjå etter. Dette er god kunnskap eg tar med meg vidare som nesten ferdig utdanna barnehagelærar, noko som kanskje vil gjere det lettare for meg å avdekke barn som blir utsett for omsorgssvikt. Med ein barnehagelærar som har fleire års erfaring, vil ein uansett ha godt av påfyll med kunnskap og kompetanse innanfor temaet, og ein vil nok aldri bli ferdig utlært. Etter denne bacheloroppgåva sit eg igjen med meir kunnskap om omsorgssvikt enn det eg hadde før eg starta, som vil vere til god nytte når eg startar på arbeidslivet.

## 7.0 Litteraturliste

Bufdir. (2019, 02.april). Omsorgssvikt. Henta frå:

<https://bufdir.no/vold/TryggEst/Overgrep/Omsorgssvikt/>

Bufdir. (2018, 27.april). Seksuelle overgrep. Henta frå:

[https://bufdir.no/vold/TryggEst/Overgrep/Seksuelle\\_overgrep/](https://bufdir.no/vold/TryggEst/Overgrep/Seksuelle_overgrep/)

Bufdir. (2019, 02.april). Fysisk vold. Henta frå:

[https://bufdir.no/vold/TryggEst/Overgrep/Fysisk\\_vold/](https://bufdir.no/vold/TryggEst/Overgrep/Fysisk_vold/)

Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (6. utg. ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.

Drugli, M. B. (2008). *Barn som vekker bekymring*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Folkehelseinstituttet. (2018). *Hvilke tegn og signaler som kan observeres av personell i barnehagen og skole kan ha sammenheng med omsorgssvikt? En systematisk oversikt over oversikter*. Henta frå: <https://www.fhi.no/publ/2018/hvilke-tegn-og-signaler-som-kan-observeres-av-personell-i-barnehage-og-skol/>

Johannessen, C., & Kommuneforlaget. (2020). *Små barn i sårbare livssituasjoner : Hvordan kan barnehagen oppdage, forebygge og hjelpe barn i risiko for omsorgssvikt?* (1. utgave. ed.). Oslo: KF.

Killén, K. (2019). *Barndommen varer i generasjoner: Forebygging er alles ansvar* (4.utg.ed.). Oslo: KF

Killén, K. (2017). *Forebyggende arbeid i barnehagen : Samspill og tilknytning* (2. utg. ed.). Oslo: Kommuneforl.

Løkken, G. & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget

Nordhaug, I. (2018). *Kva ser vi - kva gjer vi?: Omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep: Skulen og barnehagen sine oppgåver*. Bergen: Fagbokforl.

Regjeringen. (2020, 9.oktober). FNs konvensjon om barns rettigheter. Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/innsiktsartikler/fns-barnekonvensjon/fns-konvensjon-om-barnets-rettigheter/id2511390/>

Ringdal, K. (2018). *Enhet og mangfold- Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode* (4.utg). Bergen: Fagbokforlaget

Sjøvik, P. (2014). *En Barnehage for alle: Spesialpedagogikk i barnehagelærerutdanningen* (3. utg. ed.). Oslo: Universitetsforl.

Statistisk sentralbyrå. (13.mars, 2020). Henta frå <https://www.ssb.no/barnehager>

Tholin, K. (2015). *Profesjonsetikk for barnehagelærere* (Rev. utg.] ed.). Bergen: Fagbokforl.

## Vedlegg 1: Informasjonsskriv

### Beskriving av bacheloroppgåva

Hei!

Mitt namn er Vilde Susann Asheim, og eg er på siste året i utdanninga mi på barnehagelærer ved Høgskulen på vestlandet avd. Sogndal. I denne forbindelsen skal eg skrive ei bacheloroppgåve der eg har formulert problemstillinga mi sånn; kva kjenneteikn har barn i barnehagen som er utsett for omsorgssvikt i heimen?

Eg har derfor eit ønske om å få intervju ein barnehagelærer i barnehagen som har erfaring med dette temaet. Formålet mitt med intervjuet er å innhente informasjon rundt omsorgssvikt som eg skal bruke til å drøfting og refleksjon i bacheloroppgåva mi.

### Kva inneber deltaking i intervju?

Informanten vil bli stilt spørsmål som er opne der det er rom for oppfølgingsspørsmål. Intervjuet vil vare i maks 30 min, og fokuset vil vere på din forståing av omsorgssvikt, korleis du kan oppdage kjenneteikn hos utsette barn, og din erfaring og kunnskap om omsorgssvikt. Eg ønskjer å bruke lydopptakar under intervjuet for å få meir nøyaktig data og får å skape best mogleg flyt i intervjuet.

### Kva skjer med informasjonen?

Intervjuet er heilt anonymt og det skal derfor ikkje nemnast namn på vaksne, barn eller barnehagen. Datamaterial som eg samlar inn vil bli behandla konfidensielt, og ingen andre vil ha tilgang på dette. Etter intervjuet vil lydopptaket bli transkribert og slettet.

Med vennleg helsing

Vilde Susann Asheim

E-post: [Vilde\\_97a@hotmail.com](mailto:Vilde_97a@hotmail.com)

Tlf: 48 22 24 89

Rettleiar: Astrid Reidun Berglid Bakken

E-post: [Astrid.Reidun.Berglid.Bakken@hvl.no](mailto:Astrid.Reidun.Berglid.Bakken@hvl.no)

Tlf: 90 54 58 73

## Vedlegg 2: Intervjuguide

### Spørsmål til intervju.

#### Generell info

Kvar tid var du ferdig utdanna barnehagelærer?

Har du tatt noko vidareutdanning?

Kvar tid starta du å jobbe som barnehagelærer?

Kor lenge har du jobba i denne barnehagen?

Har du jobba i fleire barnehagar?

#### Omsorgssvikt

Korleis vil du definere omsorgssvikt?

Er temaet omsorgssvikt noko som blir drøfta i barnehagen?

#### Kjenneteikn og signal

Kva kjenneteikn til omsorgssvikt kjenner du til?

Korleis tenker du at du kan oppdage signal om at barn blir utsett for omsorgssvikt?

- Har du opplevd mistanke om omsorgssvikt? Kan du komme med døme?
- Korleis ser ein signal på omsorgssvikt?
- Har du døme på ting barn har sagt som har uroa deg?

#### Kunnskap om omsorgssvikt

Har barnehagen noko prosedyre for korleis man går fram ved omsorgssvikt?

- Korleis vil du gå fram ved mistanke med omsorgssvikt?
- Kven vil vere naturlege samarbeidspartnarar ved mistanke om omsorgssvikt hos barn?

Er omsorgssvikt tema på avdelingsmøte/personalmøte? Kan du gje ei beskriving av det?

Har du fått fagleg påfyll i form av kurs eller opplæring i barnehagen?

Opplever du at du fekk nok kunnskap om omsorgssvikt i utdanninga di?

- På kva måte har det eventuelt vore til hjelp i situasjon med mistanke om omsorgssvikt? Har du døme?
- Har dine kollega kompetanse innanfor dette tema?

Kva trur du kan vere grunn til at det er få meldingar til barnevernet som kjem frå barnehagen?



Er det noko du ønsker å tilføre? Eventuelt kva?